

# ÅRSMELDING FOR KLØVHEIM SKULEKORPS 2015

## STYRE/ ANSVARSOPPGÅVER

Styret denne perioden:

Leiar: Bjørnar Eidsheim

Nestleiar: Helen O. Hindenes

Kasserar: Ramona Fjellanger

Sekretær: Norunn Åkernes Jordal

Styremedlem: Torunn Hjelmtveit

1.varamedlem: Andrew Wakefield

2.varamedlem: Kjersti Nordanger

Tillitsvald frå korpset: Siren Åkernes Jordal (Vår) / Sunniva Sætre (Haust)

Tillitsvald frå korpset: Tarjei Bjørnevoll (Vår) / Trude Øvretveit (Haust)

Valnemnd:

Marianne Øvretveit

Tove Øvretveit

Revisor:

Olav Tveito

Bjørnar Eide

Andre ansvarsoppgåver:

Uniformsforvaltarar: Tove Øvretveit

Hilde Kvingedal

Notearkiv/ kopiering: Marielle Bjørnevoll (Andrew Wakefield frå hausten)

Material-/ instrumentforvaltar: Marielle Bjørnevoll (Andrew Wakefield frå hausten)

Basarnemnd: Nils Frøseth

Nina Kleiven

Gro I R Hindenes

## MØTE:

### MEDLEMSMØTE

Dirigent og musikantar har hatt medlemsmøte ein gong pr semester.

### FORELDREMØTE

Det var foreldremøte 19.02.2015 og 3.09.2015

### STYREMØTE

Det har vore 5 styremøter og 23 saker er tekne opp.

## **ÅRSMØTE**

Årsmøte vart halde 19.02.2015

### **ANDRE MØTE:**

Korpset har vore representert korpset på følgjande møter:

- Dialogmøter med EBML
  - Planleggingsmøter av seminarhelg med Ostereidet Skulemusikk
  - Stiftingsmøte av Lindås Kulturråd. Kløvheim Skulekorps vart her innmeldt som medlem i kulturrådet.
- Representant for Frivilligsentralen besøkte ei øving i mars.

### **DIRIGENTAR/ INSTRUKTØRAR**

Jannicke Eide Ellingsen har vore fast dirigent for korpset og med ansvar for aspirantundervisning.

I enkelte tilfelle der ho ikkje har kunna stilla, har vikarar med tilsvarende kompetanse vore brukt.

Det har vore ei prioritert oppgåve å halde faste øvingstider for korpset sjølv om fast dirigent ikkje kan stilla. I periodane før Siddis, NM og EM må begge partar visa fleksibilitet.

Elles har korpset hatt innleigde instruktørar til øvingshelger i samband med konkurransar og til oppstartsseminar.

### **MUSIKANTAR/ASPIRANTAR**

Vårsesongen 2015 hadde korpset 25 musikantar. 2 slutta ved oppstart av haustsesongen og 1 gjekk av for alder ved årskiftet. 3 av musikantane spelar og i andre skulekorps, men ynskjer i tillegg å vera med i Kløvheim for å få utfordringar på tilstrekkeleg nivå.

6 aspirantar starta opplæring i januar. 2 slutta ved oppstart av haustsesongen.

### **ØVINGAR**

Korpset har hatt mandag og torsdag som faste øvingsdagar. Mandagar har det vore aspirantundervisning/individuell undervisning/gruppeøvingar i tillegg til korpsøving.

Apirantane har vore delt i 2 grupper, med 30 min instruksjon kvar gruppe.

Det har vore 4 øvingshelger i løpet av året. Nytt av året var oppstartsseminar i Dykolbotn saman med Ostereidet.

Mange musikantar har delteke på EB Junior/Mini EB/Knøtteseminar

Musikantar frå korpset deltok på EBML sitt Feriespel i Knarvik i juli 2014.

### **KONSERTAR/ SPELEOPPDRAK:**

Juletreffest for Statoil 4/1.

Korpsbasar på Fammestad.

Hordablæsten (2. plass i 2. div)

Speling under 17.mai-feiringa på Kløvheim skule.

NM i Stavanger (2. plass i 2. div)

Speling på korpset sin sommarfest på skulen

Sotrafestivalen (2. plass i 2. div og gode prestasjonar av fleire ensemble)  
Advents-konsert i ungdomshuset på Fammestad  
Speling på Kløvheim bygdela sin lysfest ved butikken på Kløve.  
Julekonsert i Myking kyrkje 15.12.2013  
Speling på Kløvheim skule sin julefest.  
Speling julaftan i Myking kyrkje 24.12.2013

## **DUGNAD SARBEID OG INNTEKTSKJELDER**

Utkantfestivalen 2015  
Vasking av Statoil sine hytter i Stordalen  
EBML sitt feriespel i Knarvik  
Seminar  
Speling på juletreffest for Statoil på VilVite.  
Haustinnsamlinga  
Mini-konserten  
Morsdagslotteriet  
Basar  
Sal av 17. mai-program  
Sommarfest  
Grasrotandelen  
Tildelingar frå ulike fond og prosjektmidlar ( Instrumentfond, kulturmidlar)  
Gåve frå julemarknad på Kløve

## **FORELDREFOREININGA**

Ein del foreldre har møttest til sosialt samvere i korpset si øvingstid.

## **ANNA**

Det er verd å merkje seg at me trekkjer musikantar frå andre korps som ynskjer større utfordringar enn det dei får i «heimekorpsset». Det at dei vert verande etter først å ha prøvd seg på godt nivå, betyr og at trivsel og miljø i korpset er godt. Jannicke gjer ein god jobb med å leggje til rette for at alle skal få utfordringar tilpassa eige nivå, og ho gjer ellers ein framifrå jobb med korpset. Dette viser ikkje minst gjennom gode resultat i alle konkurransar.

Det er no 4 aspirantar til korpset. Desse vil få ei gradvis tilvenning til nivået i korpset gjennom vårsesongen 2016 og vil etter planen verta opptekne i korpset hausten 2016.

Dei siste åra har me teke inn aspirantar ned til 2 klasse. Me kan ikkje sjå at det har ført til noko negativt så lenge ein er medviten dette og gjev god individuell oppfølging.

Det er likevel eit faktum at rekrutteringsgrunnlaget i skulekrinsen er minkande, og at korpset ikkje vil klara å oppretthalda medlemstalet på noko sikt slik situasjonen er i dag. Det er viktig at det nye styret grip tak i dette og ser på mulige tiltak. Det er eit svært velfungerande korps me har i dag, og ein må vurdere om andre strukturelle endringar i skulekrinsen tilseier nye løysingar for å vidareføre denne basisen.

Korpset har musikantar som spelar i amatørkorps. Her har ein følgd innarbeidd praksis med at skulekorpset har første prioritet. Det er viktig at dette prinsippet vert vidareført. Det må likevel ikkje hindra at ein i enkelttilfelle gjennom god dialog kan finna alternative løysingar til felles beste.

Kløvheim 11.02.2016

Bjørnar Eidsheim

- leiar -